
Saknr: 2019/101-18
Saksbehandlarar Eva Vinjevoll, Even Vaular
Dato: 08.05.2020

Til: Trafikktryggingsutvalet (FTU) i Vestland

Frå: Dina Lefdal, fylkesdirektør for infrastruktur og veg

Alternativ for trafikktryggingskonferansen 2020

I fordelinga av FTU-midlar, vedtatt i hovudutval for samferdsel og mobilitet 13. februar 2020 (politisk sak (PS) 8/2020) er det sett av midlar til føremåla *kunnskap, kompetanse og kampanjar*. Tilhøyrande denne budsjettposten er trafikktryggingskonferansen i Vestland. Denne er tenkt som ei vidareføring av tilsvarande konferanse som FTU Hordaland har stått bak kvar haust dei siste åra. Konferansen har vore ein møteplass for dei som jobbar med trafikktrygging på tvers av sektorar og kommunar. Arrangementet i Hordaland har fått gode tilbakemeldingar når det gjeld innhald og som ein fagleg møteplass for inspirasjon og erfaringsutveksling.

Fylkesrådmannen ønsker også i år å invitere til ein liknande konferanse, men grunna den pågåande korona-pandemien, er det krevjande å planlegge. Det har ikkje vore hensiktsmessig å starte på detaljplanlegging av konferansen før situasjonen er meir avklart. Fylkesdirektøren følgjer situasjonen og vurderer løpande følgjande alternativ:

- Planlegge for konferansen på vanleg måte
- Planlegge ein digital konferanse
- Utsette konferansen på ubestemt tid
-

Alle alternativa har sine fordelar og ulemper. Dersom vi planlegg for konferansen på vanleg måte er det mogleg at ikkje alle som ønskjer å delta får plass. I tillegg er det fare for at konferansen blir avlyst eller utsett. Det vil redusera sårbarheita å samstundes ha ein plan B, som inneber ei digital gjennomføring. Samstundes vil dette gjera planlegginga meir omfattande.

Ein digital konferanse som plan A kan vere eit godt alternativ, men vi veit at det kan vere krevjande å halde konsentrasjonen oppe, og stiller difor ekstra høge krav til innleiarane. Det kan vere aktuelt å legge opp til gruppeoppgåver, då vi ønskjer å leggje til rette for nettverksbygging og erfaringsutveksling.

Administrasjonen har saman med Trygg Trafikk diskutert aktuelle tema for ein konferanse, og foreslår temaet «**Samarbeid for å nå nullvisjonen**» uavhengig av form og tidspunkt for konferansen.